

# **Referat frå klasseforeldremøte for 6. og 7. trinn onsdag 11. mai.**

## **7. trinn**

### **Sak 1. Skuleavslutning for 7. trinn**

Tysdag 14. juni vert det avslutningsfest for 7. trinn. Foreldra til elevane på 6. trinn lager til. Marit Sæbø delegerer oppgåver.

### **Sak 2. Klassedeling på ungdomskulen**

2. juni besøker 7. klasse ungdomskulen. Dei vil då verta delte i klassane sine og få treffa kontaktlæraren.

## **Felles for begge årstrinn**

### **Sak 1. Saker til stort foreldremøte**

Det kom ikkje fram saker til stort foreldremøte

### **Sak 2 Lesevake**

Kontaktlærar ønska å få føresette sine synspunkt kring ei eventuell lesevake.

Føresette er positive til forslaget. Undervisninga vil då verta flytta til ettermiddag/kveld. Overnattinga på skulen vil vera frivillig.

Det kom eit forslag frå føresette om at lesevaka vart lagt til måndag eller onsdag pga aktivitetar på ettermiddag dei andre dagane.

### **Sak 3 Klassemiljø- Tiltak på fritida? Vaksne skaper venskap.**

Me såg ein filmsnutt «Vaksne skaper venskap». Dei vaksne rundt borna er viktige spelebrikker i born og unge sine vennskap. Det er viktig at vaksne legg til rette for at born får vera med kvarandre. Vaksne er også viktige i kampen mot mobbing. Snakk med born du ser vert utestengt eller ikkje har det bra, eller ta kontakt me skule, helsesøster e.l om du er usikker på korleis du skal gripe saken ann.

Føresette diskuterte moglege tiltak på fritida for å knytta elevane tettare saman. Korleis kan me legga til rette for at elevane borna skal få oppdaga mye sider ved kvarandre?

Forslag:

- Felles aktiviteter for born og vaksne på til dømes ballbingen.
- Legga til rette for at ditt born kan invitera andre klassekamerater heim- gjerne elever som vanlegvis ikkje kjem heim til dykk. Elevane har «Hemmeleg ven». Kanskje denne personen kan vera den de vil invitera med på noko?

Det vart poengtatt at det er positivt om jenter og gutter kan vera med kvarandre uavhengig av kjønn.

Det vart opplyst om at krefter har ønska å få til treff på ballbingen på Myking. Desse ettermiddagane vert det opplyst om på Facebook. Elles er det tenkt at ein på «Mykingbygdelag.no» kan finna opplysningar om kva som skjer i Mykingkrinsen. Til dømes Ving og andre arrangement.

## **Anna**

### **Sommaravslutning**

Føresette ønskjer å få til ei sommaravslutning. Eit forslag var å reisa til Merkesdalen i båt. Alle var samde om at ein slik tur vert meir vellykka i fint vær. Ein dato vert difor ikkje sett.

Marit Sæbø har mailadressane til føresette i klassen. Ho sender ut ein mail med nærmare informasjon.

### **Sak 4 Info om endring i FAU-vedtak.**

Anniken Sylta informerte generelt om FAU sine oppgåver. Ho gjekk nærmare inn på endringane som har vore gjort i vedtekten.

FAU sine vedtekter er delt ut til alle heimar tidligare i dette semesteret.

## **Anna**

### **«Elevane får ikkje lov å leika nokon felles leikar på skulen»**

Ein føresatt tok opp saken at borna er frustrerte for dei føler at kjekke fellesleiker vert forbode på skulen. Kontaktlærar informer om kva aktivitetar som ikkje er lov på skulen og litt om argumentasjonen for det.

Kontaktlærar har oppmoda elevane om å ta dette opp i Elevrådet.

## **6. trinn**

### **Sak 1. Leirskule**

Elevane har gitt sine synspunkt kring val av vinter eller vår- leirskule. Føresette var samde om at borna nok får det kjekt i alle tilfelle. Skulen tek avgjerd i val av leirskule.

### **Sak 2. Dugnad- skuleavslutninga til 7. trinn**

6. trinn sine føresette lager til fest for 7. trinn. Avslutningsfesten vert tysdag 14. juni. Marit Sæbø delegerer oppgåver. 7. trinn har ynskje om Taco. Kontaktlærar høyrer med elevane om dei har eit spesielt ynske om dessert.

Klokkeslettet for festen har tidligare vore 18.30 eller 19. Dei som lager til festen avgjer tidspunkt.

7. trinn inviterer og lager derfor invitasjon. Dei treng ei tilbakemelding på kva det kostar per vaksen. Kontaktlærar melder Marit Sæbø om kor mange som melder seg på.

Annikken Aadneram